

Lindås Idrettsråd (heretter kalla LIR) set stor pris på samarbeidet med kulturkontoret i fordeling av kulturmidlar idrett. LIR har ein samla kompetanse og oversikt som me meiner er nyttig for kulturkontoret i arbeidet med fordelinga og det er i tråd med inngått samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og Lindås Idrettsråd.

## **1. LIR har ingen merknader til fordeling av driftsmidlar idrett innan NIF medlemmer**

Ei anna sak er driftstilskot, som er ei tildeling pr. medlemmer og som i utgangspunktet kan tildelast utan at ein må søkje om desse midlane for dei 17 laga som er tilknytt LIR og Norges Idrettsforbund. Kultureininga har tilgang til all informasjon som ein treng for å gjere ei slik tildeling pr. år, noko som og vil føra til mindre administrativt arbeid og med samarbeids avtalen vil og LIR kvalitetssikra dei tildelingane som føreligg.

Kulturrådet ser dette og som meir naturleg at ein kun søker om ein pott.

Vi viser til samarbeidsavtalen mellom Lindås kommune og Lindås idrettsråd der denne saka spesielt er tatt opp, og det vil i løpet av hausten 2016 leggjast fram eiga sak gjennom samarbeidsavtalen.

NIF har gjort endringar pga. krav med nytt medlemssystem slik at LIR ikkje kan legge frem tala for gjeldande års idrettsregistrering før etter 30. april dei neste åra, eller frem til annen endring blir føretatt.

## **2. LIR si handsaming av kulturmidlar idrett – aktivitet, prosjekt og investering:**

LIR har i år fått alle søknader førelagt, noko som gjer at me kan uttala oss meir detaljert pr. søknad om me ynskjer for dette tildelingsåret. Samarbeidsavtalen mellom Lindås kommune og LIR er og eit viktig dokument i denne saka.

LIR stiller spørsmål ved tildelingane av Driftstilskot og investering ikkje medlemmar av Lindås Idrettsråd.

Spesielt lag med «Nordhordland» som søker midlar i for eksempel i Lindås må det leggjast medlemstal for dei innbyggjarane som har adresse i Lindås kommune, ikkje berre eit felles tal for alle medlemmer som også kan vera medlemmer utanfor Nordhordland, og som søknadar kan vise søker dei i fleire kommunar. Her refererer vi til søknaden frå Nordhordland Padleklubb og Nordhordland Seilforening. Spesielt vil me kommenter at Nordhordland Padleklubb er innstilt med omsøkt sum i sin heilhet. Ingen andre lag av søkere oppnår same %, kvifor?

Søknad Lindås Turlag, er dette eit medlemsbasert lag? Ref. §5 om at «organisasjonen har medlemmer busett i Lindås kommune», er det i tråd med krav til søkere.

Idrettsplanen som ligg føre til godkjenning har og inne tiltak av same type som omsøkt av Lindås Turlag med oppstart 2017 og ein ser det som meir naturleg at midlane blir tatt frå den potten.

Med Hilsen

For Lindås Idrettsråd, Knarvik 25.05.2016  
v/ Leiar John Helge Walderhaug (sign)  
E-post: lindaas.idrettsraad@gmail.com